

# Eksamen

26.05.2016

NAB1002

Naturbasert aktivitet

**Programområde:** VG1 Naturbruk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du brukar utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• God struktur og logisk oppbygging av svaret</li><li>• Kunne forklare omgrep og peike på nødvendige føresetnader</li><li>• Kunne beskrive farenmoment og utfordringar knytte til opplevingsturisme i området</li><li>• Foreslå realistiske aktivitetar som er i samsvar med verneformålet</li><li>• Grunngi vala av tiltak/aktivitetar som blir foreslått</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Ingen

## Situasjonsbeskriving:

Du er akkurat i oppstartsfasen med å etablere reiselivsverksemda Femunden Opplevingssenter i Røros kommune, Sør-Trøndelag fylke. Anlegget ligg like utanfor Femundsmarka nasjonalpark. Her skal du drive med overnatting og båtutleige til fisketuristar, og dessutan ulike kultur- og naturbaserte opplevingsaktivitetar.

Det nybygde turistanlegget har plass til totalt 12 personar fordelt på 3 hytter, og du har kjøpt inn tre små 15 fots skjergardsjeeper (opne båtar) med 30 hk påhengsmotor, og mykje fiskeutstyr.

Første gruppe turistar, tolv personar, kjem frå Danmark i juni 2016. Du veit ikkje om dei er båtvante og friluftslivsvante, men dei ønskjer blant anna eit kultur- og naturbasert aktivitetsopplegg over to dagar inne i nasjonalparken. Alle tolv er i alderen 30-45 år, seks av kvart kjønn.

Det er svært dårleg mobildekning i denne delen av kommunen.

Andre føresetnader kan du bestemme sjølv, viss ønskeleg.

## Oppgåve

- a) Skisser eit aktivitetsopplegg med to dagars varigheit, ein stad inne i Femundsmarka nasjonalpark, der ulike kultur- og naturbaserte aktivitetar inngår. Grunnlegg dei ulike aktivitetane du foreslår.
- b) Fisketurisme kan vere forbunden med ein viss risiko. Gjer greie for faremoment ved ei slik form for turisme. Korleis kan du som drivar prøve å ivareta sikkerheita til gjestane best mogleg?
- c) Kva for digitale ferdigheiter er det ein fordel å mestre for å drive denne typen verksemd?
- d) Korleis kan du bidra til å utvikle økologisk forståing og kunnskapar om berekraftig ressursbruk hos gjestane dine?
- e) Å ha ein nasjonalpark som nærmaste nabo kan gje både moglegheiter og avgrensingar for aktivitetane og planane dine. Diskuter korleis nasjonalparken kan vere til både fordel og ulempe for verksemda di.

## Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt bruk av internett og andre verktøy som tillater kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• God struktur og logisk oppbygning av besvarelsen</li><li>• Kunne forklare begreper, samt angi nødvendige forutsetninger</li><li>• Kunne beskrive faremomenter og utfordringer knyttet til opplevelsesturisme i området</li><li>• Foreslå realistiske aktiviteter som er forenlige med verneformålet.</li><li>• Begrunne valgene av tiltak/aktiviteter som foreslås.</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Ingen

## Situasjonsbeskrivelse:

Du er akkurat i oppstartsfasen med å etablere reiselivsbedriften Femunden Opplevelsessenter i Røros kommune, Sør-Trøndelag fylke. Anlegget ligger like utenfor Femundsmarka nasjonalpark. Her skal du drive med overnatting og båtutleie til fisketurister, samt ulike kultur- og naturbaserte opplevelseshetiviteter.

Det nybygde turistanlegget har plass til totalt 12 personer fordelt på 3 hytter, og du har kjøpt inn tre små 15 fots skjærgårdsjeper (åpne båter) med 30 hk påhengsmotor, og mye fiskeutstyr.


Første gruppe turister, tolv stykker, kommer fra Danmark i juni 2016. Du vet ikke om de er båtvante og friluftslivsvante, men de ønsker blant annet et kultur- og naturbasert aktivitetsopplegg over to dager inne i nasjonalparken. Alle tolv er i alderen 30-45 år, seks av hvert kjønn.

Det er svært dårlig mobildekning i denne delen av kommunen.

Øvrige forutsetninger kan bestemmes av deg selv, hvis ønskelig.

## Oppgave

- a) Skisser et aktivitetsopplegg med to dagers varighet, et sted inne i Femundsmarka nasjonalpark, der ulike kultur- og naturbaserte aktiviteter inngår. Begrunn de ulike aktivitetene du foreslår.
- b) Fisketurisme kan være forbundet med en viss risiko. Redegjør for faremomenter ved en slik form for turisme. Hvordan kan du som driver forsøke å ivareta gjestenes sikkerhet best mulig?
- c) Hvilke digitale ferdigheter er det en fordel å mestre for å drive denne typen bedrift?
- d) Hvordan kan du bidra til å utvikle økologisk forståelse og kunnskaper om bærekraftig ressursbruk hos dine gjester?
- e) Å ha en nasjonalpark som nærmeste nabo kan gi både muligheter og begrensninger for dine aktiviteter og planer. Diskuter på hvilken måte nasjonalparken kan være til både fordel og ulempe for din bedrift.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)